

**Fra:** [Laila Bjørge](#)  
**Til:** [Marianne Aadland Sandvik](#)  
**Kopi:** [Postmottak Alver](#)  
**Emne:** Uttale frå landbruksavdeling som gjeld vedteken plan for E39 Vikane - Eikangervåg og nødvendig tilkomst til Fyllingsnes si slåttemark, skogsareal og beiteareal på gbnr. 214/1 nord for E39.  
**Dato:** onsdag 1. september 2021 11.42.22  
**Vedlegg:** [image001.png](#)  
[image004.png](#)  
[image002.png](#)

---

Hei


Landbruksavdelinga ved underteikna og skogbruksansvarleg Nils Kaalaas var på synfaring på Fyllingsnes i august, og er velkjent med desse problemstillingane.

E 39 deler bruket i to, og etter landbruksavdelinga sitt syn har ein i planforslaget ikkje tatt tilstrekkeleg omsyn til nødvendig transport mellom driftssenter og slåttemark, innmarksbeite og skogareal som ligg lenger nord.

#### *Omsynet til jordbruket*

For jordbruksdrifta er naudsynt transport utkøyring av husdyrgjødsel, kunstgjødsel, grashausting, sprøyting, jordarbeiding, flytting av sau til/frå beite, beitepussing og anna stell og vedlikehald av jorda som t.d grøfting, gjerding, vegvedlikehald. Dette medfører svært mange kryssingar av E 39 gjennom året med traktor.

Det som er forbunde med størst fare er kryssing av E 39 med dyr. Det er vanleg at ein går sauene mellom ulike beite når dei ligg i rimeleg avstand frå fjøset. Å kryssa E 39 med saueflokk vil vera svært trafikkfarleg for både dyr, folk og bilar, og den beste løysinga i høve til landbruk ville ha vore ein landbruksundergang eller ei bru. Visst ikkje dette er mogleg må andre avbøtande tiltak vurderast.



Gardskart for eigedomen: Raud prikk syner driftssenter med driftsbygning/silo, og raud sirkel syner jordbruksarealet på nordsida av E 39. Mørk gul er overflatedyrka jord= slåttemark og lys gul er innmarksbeite. Dagens tilkomst via eksisterande landbruksveg er vist med blå strek. Grønfarge er produktive skogareal.

#### *Omsynet til skogen.*

Landbruksvegen som ligg der i dag er den naturlege vegen å ta ut tømmer. Dette er eit større samanhengande skogsområde, og eksisterande veg er tilkomst til skogen for fleire bruk. Det er stort sett

eldre skog i området. Planforslaget tek ikkje tilstrekkeleg omsyn til at det må lata seg gjera å transportera ut tømmer frå området. Dagens planlegging for uttak av skog er basert på at tømmeret kan hentast ut med vogntog og det må difor takast omsyn til dei krav som er til vegstandard for at dette skal vera mogleg. Dersom det ikkje mogleg å få dette til kan eit avbøtande tiltak vera tilkomst via gang og sykkelveg frå Waage karosseri. Då må planlagt gang- og sykkelveg vert dimensjonert for tømmertransport og det må opnast for at vegen kan nyttast landbruksføremål i planen. Det kan gå mange år mellom kvar avverking så ein ser ikkje at dette vil vera konfliktfylt i høve til mjuke trafikkantar.

For transport med traktor vil utvida av opninga frå E39 til gang- og sykkelvegen vera det beste avbøtande tiltak, men med tanke på framtidig tømmertransport må det og leggast til rette for breiare og køyrbar gang- og sykkelveg fram til bensinstasjonen.

Med venleg helsing

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar landbruk  
Telefon: 56 171185/957 35 405  
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00  
[www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no)



**ALVER**  
KOMMUNE

---

**Frå:** Marianne Aadland Sandvik <mas@harris.no>  
**Send:** onsdag 1. september 2021 09:04  
**Til:** Laila Bjørge <laila.bjorge@alver.kommune.no>  
**Emne:** Haster!

Hei Laila

Eg sendte deg e-posten under på måndag og har frist for å sende supplerande klage i morgon. Får du sett på den i dag, så hadde eg blitt veldig takknemlig.

Vedteken plan for E39 Vikane - Eikangervåg sikrar ikkje nødvendig tilkomst til Fyllingsnes si slåttemark, skogsareal og beiteareal på gbnr. 214/1 nord for E39.

Fyllingsnes må kunne frakte sauane over E39 på ein trafiksikker måte. Skal dette sikrast i plan, må det planleggast for opparbeiding av ein landbruksundergang. Dette vil i tillegg vere ei trafiksikker løysing for fotgjengarar til og frå busshaldeplassen.

Vidare legg planen opp til at Fyllingsnes skal krysse E39 frå køyreveg SV4, og at han skal følge gang- og sykkelvegen fram til landbruksvegen (vist som SV3) nord for E39. Fyllingsnes er avhengig av at både landbruksmaskinar og tømmerbil skal ha tilkomst til landbruksvegen. Han ser to moglege løysingar for dette; anten må det planleggast for ein breiare og køyrbar gang- og sykkelveg fram til bensinstasjonen, eller så må opninga frå E39 til gang- og sykkelvegen fram til SV3 utvidast. Denne utvida avkøyringa kan eventuelt stengast med låsbar bom for å hindre unødig køyring på gang- og sykkelvegen.

Vi ber om landbruksavdelinga si vurdering i saka.

---

The logo for Harris, written in a black, cursive script font.

Med vennlig hilsen

Marianne Aadland Sandvik  
Advokatfullmektig

911 17 651 | [mas@harris.no](mailto:mas@harris.no)

Harris Advokatfirma AS  
Dreggsallmenningen 10/12  
PB 4115 Sandviken, 5835 Bergen  
55 30 27 00 | [harris.no](http://harris.no)

Følg oss på [Facebook](#) og [LinkedIn](#).

Hvis e-posten mottas ved en feil, ber vi om at den slettes og avsender underrettes.

---